



Forskrift om rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester i Aukra kommune

Heimel

Fastsett av Aukra kommunestyre « dato » med heimel i lov 24.juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 3-2 a andre ledd, jf. lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettar § 2-1 e.

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å fastsetje kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester i Aukra kommune.

Forskrifta skal bidra til føreseielegheit, likebehandling og rettstryggleik ved behandling av søknader om langtidsopphald.

Forskrifta skal også regulere retten til vedtak om oppføring på venteliste og korleis kommunen skal følgje opp pasientar og brukarar som vil vere best tente med langtidsopphald, men som kan få nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester i eigen heim medan dei ventar på ledig plass.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for pasientar og brukarar som oppheld seg i Aukra kommune, og som søker om eller har behov for langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester.

Forskrifta gjeld også for personar som har konkrete planar om å flytte til Aukra kommune, og som har eit så omfattande behov for helse- og omsorgstenester at det er nødvendig å avklare bu- og tenestetilbodet før flyttinga kan gjennomførast.

Forskrifta gjeld ikkje tildeling av korttidsopphald, avlastingsopphald, rehabiliteringsopphald eller andre tidsavgrensa institusjonsopphald.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta meiner ein med:

a) *Langtidsopphald*: Tidsavgrensa opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester, der det ikkje er sannsynleg at pasienten eller brukaren vil flytte tilbake til eigen heim eller få tilbod på eit lågare omsorgsnivå.

b) *Tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester*: Bustad som er tilpassa slik at det kan ytast tenester som dekkjer behandlings-, omsorgs- og hjelpebehovet til bebuaren

gjennom heile døgnet. Bebuaren skal kunne få kontakt med og hjelp frå kvalifisert personell med tilsvarande responstid og tilsyn som i sjukeheim.

c) *Venteliste*: Kommunen si oversikt over pasientar og brukarar som etter enkeltvedtak oppfyller dei kommunale kriteria for langtidsopphald og vil vere best tente med eit slikt tilbod, men som kan få nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester i eigen heim medan dei ventar på ledig plass.

§ 4. Kriterium og rett til langtidsopphald

Ein pasient eller brukar har rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester når dette, etter ei samla og individuell helse- og omsorgsfagleg vurdering, er det einaste tilbodet som kan sikre vedkomande nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

I vurderinga skal kommunen mellom anna leggje vekt på:

- a. funksjonsnivå og evne til å meistre daglege gjeremål
- b. medisinsk tilstand og behov for behandling, pleie og omsorg
- c. kognitiv funksjon og psykisk helsetilstand
- d. behov for tilsyn, tryggleik og hjelp gjennom heile døgnet
- e. risiko for skade på pasienten eller brukaren sjølv eller andre
- f. om nødvendige og forsvarlege tenester kan ytast i eigen heim
- g. utforminga og tilstanden til bustaden
- h. om velferdsteknologiske løysingar, tilrettelegging av bustaden eller andre kompensierende tiltak kan bidra til eit forsvarleg tenestetilbod
- i. om andre relevante helse- og omsorgstenester er vurderte eller prøvde
- j. situasjonen og belastninga for pårørande
- k. pasienten eller brukaren sine ønske.

Opplysningar frå pasienten eller brukaren, pårørande, behandlande lege, heimetenesta og andre relevante tenesteytarar skal inngå i vurderingsgrunnlaget når opplysningane er relevante.

Omsorg frå pårørande skal vere frivillig. Kommunen kan ikkje leggje til grunn at pårørande skal utføre omfattande omsorgsoppgåver dersom dei ikkje ønskjer eller har føresetnader for dette.

Det skal ikkje stillast krav om at alle alternative tiltak må vere prøvde dersom det er openbert at slike tiltak ikkje vil kunne sikre nødvendige og forsvarlege tenester.

Kommunen skal fatte enkeltvedtak om pasienten eller brukaren oppfyller kriteria for langtidsopphald.

Dersom langtidsopphald er det einaste tilbodet som kan sikre nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester, skal kommunen tildele eit forsvarleg heildøgnsstilbod utan ugrunna opphald. Pasienten eller brukaren kan ikkje setjast på venteliste i ein slik situasjon.

Vedtaket skal vere grunngitt og innehalde informasjon om retten til å klage.

§ 5. Venteliste og oppfølging i ventetida

Søkjalar som oppfyller dei kommunale kriteria og vil vere best tente med langtidsopphald, har rett til vedtak om oppføring på venteliste dersom kommunen vurderer at dei kan få nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester i eigen heim medan dei ventar på ledig plass.

Dersom langtidsopphald er det einaste tilbodet som kan sikre søkjaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester, kan søkjaren ikkje setjast på venteliste. Kommunen skal då sørgje for eit forsvarleg heildøgnsstilbod utan ugrunna opphald.

Kommunen skal i ventetida sørgje for at søkjaren får nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Det skal liggje føre enkeltvedtak om dei tenestene som samla skal dekkje behovet til søkjaren medan vedkomande ventar på langtidsopphald.

Kommunen skal følgje utviklinga i behovet til søkjaren og gjennomføre ei ny helse- og omsorgsfagleg vurdering når helsetilstanden, funksjonsnivået eller omsorgssituasjonen endrar seg. Dersom tenestene i eigen heim ikkje lenger er forsvarlege, skal kommunen sørgje for eit forsvarleg heildøgnsstilbod utan ugrunna opphald.

Når det blir ledig langtidsopphald, skal den søkjaren på ventelista som etter ei samla og individuell vurdering har størst behov, prioriterast. Ventelista er ikkje ei køordning. Kor lenge søkjaren har stått på ventelista, gir derfor ikkje i seg sjølv rett til den første ledige plassen.

Vedtak om oppføring på venteliste gir ikkje rett til langtidsopphald frå ein bestemt dato. Kommunen si plikt til å sørgje for nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester gjeld likevel gjennom heile ventetida.

Dersom søkjaren takkar nei til eit konkret tilbod om langtidsopphald, skal kommunen avklare årsaka og vurdere om vedtaket om oppføring på venteliste skal oppretthaldast, endrast eller avsluttast. Søklar skal få høve til å uttale seg før kommunen eventuelt fattar vedtak om at vedkomande ikkje lenger skal stå på ventelista.

§ 6. Flytting mellom avdelingar

Etter ei individuell og heilskapleg helse- og omsorgsfagleg vurdering kan ein pasient flyttast mellom avdelingane ved sjukeheimen dersom det er nødvendig for å gi eit tilpassa og forsvarleg tenestetilbod.

Ved vurderinga skal kommunen leggje vekt på behovet til pasienten, pasienten sine ønske, omsynet til kontinuitet og tryggleik og om den aktuelle avdelinga er fagleg og fysisk tilrettelagd for å dekkje behovet.

Før det blir teke avgjerd om flytting, skal pasienten få nødvendig informasjon og høve til å medverke. Næraste pårørande skal få høve til å uttale seg når dette er relevant og i samsvar med reglane om teieplikt, samtykke og representasjon.

Dersom ein pasient på somatisk langtidsavdeling utviklar behov for eit særskilt tilrettelagt og skjerma tenestetilbod, skal kommunen vurdere om pasienten bør flyttast til skjerma avdeling.

Ved vurderinga skal det mellom anna leggjast vekt på om pasienten har demenssjukdom eller annan kognitiv svikt og:

- a. har behov for tett og særskilt tilrettelagd oppfølging gjennom heile døgnet
- b. har åtferd eller symptom som gjer at behovet ikkje kan takast hand om på ein forsvarleg måte i somatisk langtidsavdeling
- c. har behov for eit fysisk miljø som gir særleg grad av struktur, oversikt, ro og tryggleik
- d. har behov for tilrettelagd og assistert utgang eller andre særskilde tryggingstiltak.

Dersom behovet for eit skjerma tenestetilbod fell bort eller endrar seg vesentleg, skal kommunen gjennomføre ei ny individuell og heilskapleg vurdering av kva avdeling som best kan dekkje behovet til pasienten.

Flytting skal dokumenterast og gjennomførast på ein måte som tek vare på tryggleiken, integriteten og retten til medverknad for pasienten.

§ 7. Samboargaranti i sjukeheim

Ektefellar eller sambuarar som begge oppfyller kriteria for langtidsopphald, skal så langt det er mogleg få høve til å bu saman eller nær kvarandre ved sjukeheimen dersom begge ønskjer det, og dette er føremålstenleg og fagleg forsvarleg.

Ektefellar eller sambuarar kan etter søknad få høve til å bu saman ved sjukeheimen sjølv om berre den eine oppfyller kriteria for langtidsopphald. Begge må ønskje dette, og ordninga må vere føremålstenleg og fagleg forsvarleg. Ektefellane eller sambuarane må som hovudregel dele rom.

For den ektefellen eller sambuaren som ikkje sjølv oppfyller kriteria for langtidsopphald, blir det fatta vedtak om tidsavgrensa opphald. Opphaldet varer så lenge den andre ektefellen eller sambuaren har langtidsopphald, eller fram til føresetnadene for ordninga ikkje lenger er oppfylte.

Det skal betalast eigenandel etter gjeldande reglar og satsar for tidsavgrensa opphald. Før opphaldet tek til, skal kommunen gjennomføre ei forventningsavklaring med begge partane. Det skal mellom anna avklarast:

- a. kva tenester og ytingar som inngår i opphaldet
- b. kva eigenbetaling som gjeld
- c. at ektefellane eller sambuarane som hovudregel skal dele rom
- d. kva som skjer dersom ein av partane får endra helse- og omsorgsbehov
- e. kva som skjer dersom langtidsopphaldet tek slutt, eller føresetnadene for å bu saman ikkje lenger er oppfylte.

§ 8. Eigenbetaling

Eigenbetaling for opphald i sjukeheim blir fastsett i samsvar med forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester i institusjon.

For opphald i tilsvarende bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester gjeld dei betalingsordningane som følgjer av den aktuelle buforma og vedtaket om helse- og omsorgstenester.

§ 9. Klage

Enkeltvedtak etter denne forskrifta kan klagast på etter reglane i pasient- og brukarrettslova kapittel 7.

Klagen skal vere skriftleg og sendast til Aukra kommune. Klagen skal opplyse om kva vedtak det blir klaga på, kva endringar klagaren ønskjer, og dei omstenda klagen byggjer på, jf. pasient- og brukarrettslova § 7-3.

Aukra kommune skal vurdere saka på nytt. Dersom kommunen ikkje gir klagaren fullt medhald, skal klagen sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som klageinstans.

Klagefristen er fire veker frå det tidspunktet klagaren fekk eller burde ha fått tilstrekkeleg kunnskap til å klage, jf. pasient- og brukarrettslova § 7-5.

§ 10. Avgjerdsmynde

Mynde til å fatte enkeltvedtak etter denne forskrifta følgjer det til kvar tid gjeldande delegeringsreglementet i Aukra kommune.

§ 11. Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde frå den dagen ho blir kunngjord i Norsk Lovtidend.